

Saksbehandlar: Jon Tvilde  
Sak nr.: 20/3911-2

## **Rapport Sogndal kulturhus - Korleis møte framtida?**

**Rådmannen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding til formannskapet:**

Saka vert lagt fram utan konkret tilråding. Rådmannen sine synspunkt går fram av saksframlegget.

### **Vedlegg:**

Sogndal kulturhus, Korleis møte framtida? Rapport frå eit utviklingsprosjekt

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Denne saka har sitt grunnlag i styret for Sogndal kulturhus AS sin rapport; «*Sogndal kulturhus, Korleis møte framtida? Rapport frå eit utviklingsprosjekt*». Det er ein grundig og gjennomarbeida rapport som er utarbeidd. To hovudspørsmål står sentralt, korleis skal kommunen som eigar av kulturhuset løyse ein svært stram økonomi. Rapporten inviterer òg kommunen til å avklare kva selskapsstruktur som er best for kulturhusdrifta.

I denne prosessen vil rådmannen utfordre politikarane til å fastsetje klåre mål for kulturområdet i Sogndal i stort. Politisk nivå bør gje si tilråding om kva mål og strategi skal gjelde for Sogndal kulturhus. Mål og strategi må ligge i botnen, når me skal tilrå selskapsstruktur og tiltak for å styrke økonomien.

Rådmannen meiner at Sogndal kulturhus må få betre økonomiske rammevilkår, slik at kulturhuset kan utvikle seg som eit regionalt kraftsenter for kultur. Rådmannen meiner at fleire kulturuttrykk som dans og biletkunst må finne sin plass i kulturhuset. Areal må frigjevast og blaoboxen som kulturlokale må rustast opp. Eit sentralt spørsmål er om kulturhuset skal gjerast om til ein del av den kommunale kulturadministrasjonen. Rapporten argumenterer for at kulturhuset som ein sentral avdeling i den kommunale kultureininga vil optimalisere samarbeidet mellom kulturhus, kulturskule og bibliotek. Dei to siste held allereie til i bygget. Ein slik struktur gjev grunnlag for samarbeid og samskaping, slik at resultatet vert auka kulturproduksjon.

Rådmannen ber kommunestyret i juni gjera vedtak som betrar dei økonomiske rammevilkåra for selskapet. Det er òg mange forhold som talar for at kulturhuset bør vera ein del av den kommunale kulturadministrasjonen. Om det ikkje vert gjort vedtak i juni, ber rådmannen om å få tid til ein gjennomgang av alle sider ved ein kommunal driftsmodell. Ei slik vurdering må vera klar, slik at Sogndal kulturhus ev. kan bli ein del av den kommunale kulturadministrasjonen frå 1. januar 2021.

Dette er krevjande saker. Sogndal kommune er likevel i ei særstilling. Vi har eit flott kulturhus. Saka handlar ikkje om å investere store summer i eit nybygg. Kommunen må som eigar vera tydeleg på kva vi meiner om mål og strategi for Sogndal kulturhus. I det perspektivet bør kommunen kunna avklara rammevilkåra for kulturhuset.

### **2. Bakgrunn for saka**

## Bakgrunn

I «gamle» Sogndal sin økonomiplan for 2019 under prioriterte tiltak, 10 på topp, vedtok kommunestyret slik formulering:

*«Vi skal vidareutvikle Sogndal kulturhus som eit framtidretta kulturhus for regionen».*

Dette utviklingsprioriterte vedtaket var ei vidareføring av ei drøfting kommunestyret i 2012 hadde om framtidsvisjonar for Sogndal kulturhus. Det vart ikkje gjort formelle vedtak, men i eit skriv frå ordføraren til formannskapet 14.09.2012, vart det formulert nokre framtidssynskje for korleis kulturhuset burde utviklast. Desse kan oppsummerast slik:

- *at fleire regionale aktørar kan bruka kulturhuset, at det kan vera eit regionalt kulturhus med både kulturproduksjon – sosial møteplass, regionstorstove og eit levande kulturhus.*
- *at det kan vera samlingsplass og møteplass for seniorane*
- *at det kan vera eit meir reindyrka kulturhus, fleire typar kultur avlar meir kultur, fleire typar kulturell eigenaktivitet/produksjon, meir fleksibilitet for å ta i mot og visa fleire typar produksjonar, vera eit rom for visuell kunst og ein attraktiv plass for musikk og dans*
- *at huset kan ha eit breiare tilbod for dei unge under 18 år.*

For å arbeide med desse måla søkte styret for Sogndal kulturhus i 2019 om kr 500 000 til eit utviklingsprosjekt for kulturhuset. Løyving vart gitt våren 2019. Resultatet av dette prosjektet rapporten «Sogndal kulturhus - Korleis møte framtida?» kjem til handsaming i denne saka.

## Kort og innleiingsvis om økonomi

Selskapet fekk kr 500 000 i tilført eigenkapital rett før årsskiftet, etter vedtak i kommunestyret. Utan dette tilskotet ville selskapet vore teknisk konkurs. Dette syner at dei økonomiske rammevilkåra for selskapet både må avklarast og økonomien må styrkast. Som eigar av Sogndal kulturhus AS må kommunen gje eit svar på dette spørsmålet. Kulturhuset har òg grunna ein vanskeleg økonomi søkt om fritak for husleige med kr. 326 951.-. Beløpet har forfall i mai og utsett frist er gitt.

## Selskapsstruktur - organisasjonsform

Kulturhuset vart opna i 1991, etter ein lang prosess. Kulturhuset vart skipa som eit AS. Sidan den gong har selskapsstrukturen vore til politisk handsaming i 2001, 2007 og 2014. Konklusjonen kvar gong har vore at selskapet skal halde fram som eit kommunalt AS. No står saka på dagsorden att.

Både økonomi og selskapsstruktur er store prinsipielle spørsmål. Spørsmåla bør finne si avklaring når kommunestyret handsamar saka i juni. Då er det òg viktig å framheva at det er eit levande kulturhus med stor aktivitet og særst godt omdømme, som no inviterer til ei avklaring om sentrale rammevilkår.

## Om rapporten

Styret skriv dette i føreordet:

*«Målet med prosjektet er å gi ei kortfatta framstilling av historia til Sogndal kulturhus, gi ein statusrapport om drifta av kulturhuset, og få fram synspunkt på kulturhuset og kulturhusdrifta både frå lokale lag og organisasjonar, andre leigetakarar og publikum. Det er m.a. gjennomført ei større publikumsgransking.*

*Vi vil også sjå korleis samarbeidet mellom bibliotek, kulturhus og kulturskule kan utviklast, og forsøka å formulera målsettingar om kva vi ynskjer kulturhuset skal vera i framtida, både på kort og lang sikt.*

*Vi vil samanlikna Sogndal kulturhus opp mot andre tilsvarande kulturhus, både med omsyn til økonomi, organisasjonsmodellar og aktivitetsprofil. Prosjektet har gjennomført ein studietur til Voss, Bergen og Os. Referat frå turen ligg som vedlegg til rapporten.*

*Vi vil også vurdere ulike modellar for korleis drifta av kulturhuset kan organiserast, og kva fysiske og økonomiske rammevilkår som er ynskjelege om dei formulerte målsettingane skal nåast.»*

## Nærare om innhald i rapporten.

Det er ein omfattande og grundig rapport som ligg føre. Den tek for seg historia til kulturhuset, den har grundige notat frå samtalar med kommunale leigetakarar som Sogndal bibliotek, Sogn kulturskule og Norskopplæringa. Ei omfattande publikumsgranskning vert presentert, og ikkje minst konkrete tilbakemeldingar frå brukarar som Riksteateret, Victoria Productions, Sogndal musikklag og Sogndal storband er oppsummert. Ein studietur til kulturhus på Voss, Os og USF i Bergen er gjennomført og samanfatta som eige vedlegg. Kulturforskar Georg Arnestad har teke føre seg økonomiske rammevilkår, så vel som organisatoriske, for nokre kommunalt drivne kulturhus i vedlegg 1.

Rapporten drøftar fleire sentrale problemstillingar, her er nokre:

### **Historia – og selskapstruktur**

Det er ei lang historie som ligg til grunn før huset vart realisert. Vedtaket vart gjort i 1980, men huset stod ikkje ferdig før i 1991. Hovudideen var å byggje eit hus som ikkje var eit reint kulturhus, men som også skulle ha areal som skulle leigast ut til andre, og slik vera med å finansiera kulturdelen av bygget. Eit første prosjekt vart stogga av Fylkesmannen i 1984, pga. grunna uklare finansieringsløyisingar. I 1985 starta bygginga av ein kommunal parkeringskjellar, tenkt som starten på kulturhuset. Då vart også Sogndal Kulturhus A/L skipa, eit selskap som skulle planleggja, byggja, eiga og driva kulturhuset.

Historia etter opninga i 1991 kan delast i to fasar. Frå 1991 til 2012 hadde bygget ein dominerande leigetakar, Sogn og Fjordane distriktshøgskule (seinare Høgskulen Sogn og Fjordane). Då høgskulen flytte ut fekk bygget økonomiske utfordringar, men og nye muligheiter.

Ved fleire høve har som sagt selskapsstrukturen vore til vurdering, men alle gongene har kulturhuset halde fram som eit AS. Argumenta mot kommunal drift har vore todelt:

- eit eige driftsselskap med viss avstand til kommunane si drift bidreg til å gje Kulturhuset ein sterk identitet og posisjon blant innbyggjarane.
- Modellen gjev også moglegheiter til å hente inn marknadsinntekter på 300 – 500 000 kroner i året.

Kor vidt desse punkta har relevans i dag, vert drøfta under punktet «Vurdering».

### **Sogndal kulturhus – innhald og profil**

Sogndal kulturhus har status som regionalt kulturhus gjennom ei investeringsløyving på 5 mill. Selskapet har 3 faste heile stillingar og 15 deltidstilsette, til saman 6 årsverk.

Huset er sentral plassert, har god tilgang på parkeringsplassar, har romsleg vestibyle, storsal med 342 plassar, 2 mindre kinosalar, der den eine kinosalen og rommet blaoboxen er i sambruk med Sogndal opplæringscenter (omtalt som Norskopplæringa). I tillegg er det areal til m.a. kontor og kiosk.

Sogndal bibliotek, Sogn kulturskule, Norskopplæringa, NAV og Sogn Brann og redning er leiketakarar i bygget. Dei to fyrste er kulturaktørar, og slik naturlege leigetakarar. Rapporten omtalar Norskopplæringa som eit aktivum for huset, då det skapar liv og røre og har potensiale for meir samarbeid. Dei to siste, NAV og Sogn brann og redning, er ikkje naturlege leigetakarar. Når rapporten tek opp spørsmålet korleis det ev. kan frigjerast meir areal til kultur, som til t.d. dans og biletkunst, vert desse to nemnd som ved ei flytting kan frigjera meir areal til kultur.

### **Blaoboxen**

Blaoboxen – arealet som opphavleg var kantine for høgskulen – er eit viktig lokale for Sogndal kulturhus. Styret for Sogndal kulturhus AS ynskte sterkt og fekk hand om lokalet då høgskulen flytte ut i 2012. Selskapet fekk bruke lokalet i sambruk med norskopplæringa. Lokalet høver godt for arrangement med eit publikum på opp til 100-150. Blaoboxen gav kulturhuset ein ny dimensjon og nye kulturuttrykk. Den gav òg mulegheiter for andre kulturaktivitetar enn dei som høver i salar med faste stolar i amfioppsett. Lokalet vart brukt både til eigne arrangement og som utleigeareal til lag, organisasjonar og private, og som lokale for konsertar i regi av kulturskulen.

Drifta av blaoboxen er i dag opphøyr. Det er fleire grunnar til dette. Sambruken med norskopplæringa gjer bruken arbeids- og ressurskrevjande, med mykje tid til opp- og nedrigg. Dei økonomiske rammevilkåra til

kulturhuset gjer at husleige er høg, og er årsak til at mange brukarar ikkje leiger lokalet. I rapporten skisserer styret kva som bør gjerast for at Blaoboxen skal bli eit funksjonelt kulturlokale:

- Sambruken med norskopplæringa må avviklast
- Lokalet må få fast scene og permanent lyd- og lysanlegg
- Lokalet treng ei ansiktsløfting med gode akustiske tilhøve og funksjonell møblering

### **Kino**

Ein hovudaktivitet for kulturhuset har vore drifta av Sogndal kino. Den har vore drifta svært godt. 15 gonger har kinoen vore kåra til Årets kino i Norge. Ingen andre kinoar har fått denne utmerkinga så mange gonger. I 2018 var det 2056 kinoforestillingar, med til saman 40 326 besøkande. Utfordringa er at kino møter stor konkurranse og det er vanskeleg å oppretthalde besøkstalet. Dette svekker økonomien.

### **Kulturarrangement**

Kulturhuset er vertskap for Riksteatret og er fast spelestad for Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane teater). I 2018 var her 26 teaterforestillingar. Kulturhuset er også teknisk arrangør for nasjonale og lokale konsert- og kulturarrangørar (t.d. standup-komikarar og revyar). Dessutan har selskapet ei rad arrangement i eigen regi, t.d. Kulturspiren for born. Til saman var det i 2018, 123 andre arrangement (utanom kino), m.a. 31 konsertar, 6 foredrag, 5 revyframsyningar, 4 danseforestillingar, 4 standupforestillingar og 4 direkteoverførte operaforestillingar på kino. Det var dessutan en del lukka møte og selskap. Sogndal Musikklag og Sogndal songlag brukar kulturhuset fast til øvingar.

### **Utleigar eller kulturprodusent**

- Eit strategisk val er i kva grad kulturhuset skal vera sjølvstendig kulturprodusent eller vera utleigar og kinodrivar. Styret svarar klart på dette;

*«Dersom kulturhuset skal ta ein rolle som meir aktiv kulturprodusent og som tilbydar av areal til frivillige lag og organisasjonar, føreset dei ei eller anna form for økonomisk sikring, enten ved generelt betre rammevilkår, eller gjennom ordningar med arrangementsstøtte eller underskotsgarantiar.»*

### **Samarbeid med bibliotek og kulturskule**

Rapporten har eigne avsnitt der rammevilkåra for bibliotek og kulturskule vert gjennomgått. Det er gjennomført intervju med biblioteksjef og rektor for kulturskule. Gjennomgangen peikar på fleire tiltak som vil betre samarbeidet mellom aktørane. Det gjeld m.a. tilgang til areal og framlegg om ein modell for bruken av arealet der korkje kulturhuset, biblioteket eller kulturskulen betalte husleige for arealet, men at kommunen la inn husleigekostnader for bruken i rammeløyvingane til kvar av institusjonane, og at det vart laga ryddige avtaler mellom dei.

### **Organisering**

Det finst tre ulike organisasjonstypar for kommunale kulturhus. 1) kommunalt aksjeselskap, 2) kommunalt føretak og 3) rein kommunal driftseining, som oftast som del av kulturadministrasjonen. Langt dei fleste kulturhusa, kanskje så mange som 8 eller 9 av 10 har valt den siste modellen.

I dag er Sogndal kulturhus organisert med kommunen som huseigar og utleigar til private og offentlege leigetakarar, inkludert driftsselskapet Sogndal kulturhus AS, som igjen driv framleige til norskopplæringa. Sogndal kulturhus er ansvarleg for kino og annan kulturaktivitet i huset, og utfører nærare spesifiserte FDV-tenester for huseigar.

Rapporten drøftar modellar for organisering. Dagens modell, kommunalt aksjeselskap, har ifølge rapporten fleire sterke sider. Kulturaktiviteten har vorte organisert på ei armlengds avstand, med stor fridom. Styret er likevel klar på om denne modellen skal halde fram må kulturhuset få bruksrett til alle areala dei disponerer utan å betale husleige til kommunen.

Dei fleste norske kulturhus i dag er kommunale. Kulturforskar Georg Arnestad har i vedlegg 1, ein gjennomgang av økonomiske rammevilkår for nokre kommunale kulturhus, ein gjennomgang som i større grad oppsummerer deira organisasjonsmodellar. Han skriv innleiingsvis i notatet:

*«Det er ulike måtar å organisere drifta av kommunale kulturhus på. Men dei aller fleste norske kommunale kulturhus er organiserte som ein del av den kommunale kulturdrifta. Dette gjeld*

*både i små kommunar, middels store og større kommunar. Kulturhuset er då normalt ei eiga budsjett- og resultatføring innanfor den kommunale kulturforvaltninga, på linje med bibliotek, kulturskule osv. Nokre hus, særleg i mellomstore byar, bl.a. Bodø og Sandnes, men òg i Grimstad og Lofoten, er organiserte som kommunale føretak (KF). Svært få kommunale kulturhus er organiserte som eigne aksjeselskap, som bl.a. Drammen Scener AS, Granvin kulturhus AS i Seljord og nokre til er det.*

*Dei fleste (nyare) kulturhus er også sete for det kommunale biblioteket og for den kommunale kulturskulen. Omfanget og graden av samarbeid mellom einingane varierer. Siste åra har det fleire stader i landet vorte lagt ned store ressursar på å utvikle store, romslege og varierte bibliotek. Utviklinga både av bibliotek og kulturhus har i aukande grad spelt ei rolle i moderne by- og tettstadsutvikling. Nye Deichman bibliotek i Oslo er eit slikt døme. Stormen Bibliotek i Bodø eit anna. Dei nye og flotte kulturhusa i Hamar og i Stjørdal var også viktige element i arbeidet med å utvikle levande, tilgjengelege og moderne sentrumsfunksjonar i dei to byane. Fleire (nye) kulturhus er også utbygde med gode øvingsrom for dans, teater og ulike musikksgangrar, med mykje utstyr. Sunnfjord kulturskule i Førde har nett no investert i fleire slike moderne øvingsrom.*

*Mange av (dei nye) kulturhusa inneheld også eit kunstgalleri. Drifta er gjerne overlate til andre, t.d. det lokale kunstlaget. Kinodrift er frå gammalt ein (integreert) del av mange kulturhus. I nokre kommunar er kinoen organisert som eit eige KF, sjølv om den held til i, eller i tilknytning til, det kommunalt drivne kulturhuset. Det finst òg døme på at kinodrifta er leigd vekk til eksterne aktørar. T.d. driv den kommunale Trondheim kino AS kinoen i Kimen kulturhus i Stjørdal. Nokre kulturhus er også hus for den kommunale kulturadministrasjonen, for det lokale musikkrådet og andre kulturorganisasjonar.*

*Sogndal kulturhus har vore eit aksjeselskap heilt sidan etableringa i 1991. Dei første åra var kulturhuset eit dotterselskap av Sogndal Eigedomsselskap AS, som var eigd av kommunen og nokre private aksjonærar. Selskapet eigde og hadde ansvaret for den samla drifta av heile kulturhusbygningen, inklusive parkeringshuset. Sogndal kulturhus AS var éin av fleire leigetakarar i kulturhusbygningen. Dei første åra var husleiga sett til (cirka) kr 450 000 per år. I 2001 overtok så Sogndal kommune alle aksjane i Sogndal kulturhus AS. Denne organisasjonsmodellen har halde seg fram til i dag. Så vidt eg har registrert, har ikkje andre organisasjonsmodellar vorte vurderte. Det synest noko merkeleg, tatt i betraktning av at skiftande styre for kulturhuset ikkje har vore særst nøgde med AS-modellen, og fordi relativt stramme rammevilkår for Sogndal kulturhus AS har vore eit ankepunkt sidan starten i 1991.»*

### **Målsettingar**

Styret for kulturhuset har utforma ei konkretisering av dei overordna politiske målsettingane som finst for Sogndal kulturhus. Rapporten skisserer 11 punkt som kan sjåast på som «visjonar» for kva styret meiner kulturhuset skal vera:

- Det skal drivast ein god kino, med variert filmtilbod, også kvalitetsfilmar med smalare publikumsappell
- Her skal vera ein god scene for Riksteatret, Teater Vestland og andre teater, som stettar deira krav til garderobefasilitetar og anna
- Her skal vera arena for konsertar og anna for turnerande nasjonale artistar, som stettardeira krav til garderobefasilitetar og anna
- Her skal vera arena både for øving og framsyning for lokalt kulturliv, inkludert øvingslokale for band.
- Her skal vera møtestad for folk flest og lokale frivillige organisasjonar
- Her skal vera øvings- og framsyningslokale for Sogn kulturskule
- Her skal vera øvings- og framsyningslokale for dans
- Her skal vera framsyningslokale for kunst
- Her skal vera høvelege lokale for arrangement i regi av biblioteket
- Her skal vera arena også for presentasjon av smalare, ikkje-kommersielle, kulturtilbod
- Her skal vera ein stab med kompetanse og kapasitet til sjølv å generera kulturarrangement

Styret skriv under avsnittet – kva skal til for å realisera desse målsettingane?

«Skal ein kunna nå desse måla må det arbeidast planmessig. Det krevst m.a. investeringar i bygg, utstyr og møblar, og det må prioriterast mellom ulike tiltak. Det bør lagast ein langsiktig investeringsplan, t.d. ein 10-årsplan, som gjer at ein får ei samla oversikt over nødvendige og ynskjelege investeringar.»

Som eige vedlegg(10) har styret laga utkast til investeringsplan og ein tiltaksplan som syner konsekvensar av ulike tiltak. Planen er primært tenkt som grunnlag for vidare arbeid, enten i regi av kommunen eller som eit samarbeid mellom kommunen og Sogndal kulturhus AS, avhengig av korleis den framtidige organiseringa av kulturhuset vert. På kvart område kommenterer styret dei ulike målsettingane (s. 41 – 43).

#### **Denne drøftinga oppsummerer rapporten slik:**

På kort sikt må målsettingane vera mindre ambisiøse. Kort oppsummert er vår vurdering at dei bør vera følgjande:

- 1) Betra økonomiske rammevilkår for kulturhusdrifta. Minimum er at det ikkje vert kravd husleige av Sogndal kulturhus AS, og at driftsavtalen med Sogndal kommune vert gjenomgått og reforhandla, eventuelt avvikla.
- 2) Omgjering av Blaoboxen til eit reelt kulturlokale. Dette er truleg avhengig av at nokon av leigetakarane i huset reduserer sitt leigeareal, eller flytter til andre lokale.
- 3) Betra samhandlinga mellom kulturhuset, bibliotek og kulturskule.
- 4) Vurdera organisasjonsforma for drifta av huset.

- 5) Finna plass til den kommunale kulturadministrasjonen i huset.

Om ein held fram med dagens organisering, og dagens økonomiske rammevilkår vil det vera svært utfordrande for aksjeselskapet. Erfaringane frå dei siste åra er at det då vil vera svært vanskelig å driva i balanse. Truleg vil det måtta føra til redusert aktivitet og lægre servicetilbod.

Det vil truleg vera muleg å halda oppe dagens aktivitetsnivå og driftsmodell dersom selskapet hadde fått disponera alle sine areal kostnadsfritt, slik den opphavlege føresetnaden var, og ein hadde fått reell kompensasjon for dei FDV-tenestene ein utfører for huseigar.

#### **Så langt rapporten.**

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Det er ein omfattande og grundig rapport som ligg føre. Rådmannen vil gje honnør til styret for dette arbeidet. Innhaldet vitnar om eit aktiv og levande kulturhus. Utfordringane er likevel fleire, og store. Det gjeld økonomi, organisasjonsform og behovet for meir areal til kultur.

Kommunen skal no ta til med samfunnsdelen i kommuneplanen. I denne prosessen vil rådmannen utfordre politikarane til å fastsetje klåre mål for kulturområdet i Sogndal i stort. Kommunen har ikkje noko kommunedelplan for kultur, det kan vera ein veg å gå. Alt no bør politisk nivå gje si tilråding om kva mål og strategi skal gjelde for Sogndal kulturhus. Mål og strategi må ligge i botnen når me skal tilrå selskapsstruktur og tiltak for å styrke økonomien.

Rådmannen vil vektleggja:

- at Sogndal kulturhus er eit framtidsretta kulturhus for regionen
- at kulturhuset skal ha ei sentral rolle i vår region- og tettstadutvikling
- at kulturhuset skal vere levande, tilgjengelege og tilby moderne sentrumsfunksjonar
- at kulturhuset skal vera både ein aktiv utleigar og kulturprodusent

Ovanfor er styret sine 11 langsiktige målsettingar omtalt. 5 av desse er formulert som kortsiktige tiltak. Rådmannen vil utfordre politisk nivå på desse punkta.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Ved minst 4 høve har selskapsstrukturen vore til vurdering. Alle gonger har kulturhuset halde fram som eit AS. Argumenta mot kommunal drift har vore;

- *eit eige driftsselskap med avstand til kommunen gjev Kulturhuset ein sterk identitet og posisjon blant innbyggjarane.*

Rådmannen meiner at dette argumentet ikkje har like stor relevans. Det vert som å seie at tiltak som ikkje er kommunale, har ein sterkare status. Kommunen kan tenkje omvendt, ei aktiv kommunal kulturhusdrift vil gje både kulturhuset og kommune forbetra omdømme og identitet. Dette er vårt hus.

- *Modellen gjev også moglegheiter til å hente inn marknadsinntekter på 300 – 500 000 kroner i året.*

Rådmannen forstår dette argumentet. Samstundes stadfestar rapporten at desse inntektene er minkande. Rådmannen kjenner døme på at kommunale hus og hentar marknadsinntekter. Andre måtar å erstatta desse på er at kulturhuset i større grad hentar inn ekstern offentleg støtte både til investering og drift, gjennom ulike støtteordningar.

I sak 20/4515 Lokalisering av NAV-Sogndal går det fram at ved ei flytting av NAV vil inntekta til kulturhuset bli redusert tilsvarende kommunen si eiga kostnadsdekking av husleigekostnadene frå tidpunktet flytting skjer. Denne må ev. erstattast med anna utleige eller annan bruk, t.d. til kulturføremål. Utan å føregripe denne saka, meiner rådmannen det vil vere interessant å samle større delar av kulturlivet og aktivitet knytt til kultur i kulturhuset.

#### **4. Konklusjon**

Rådmannen ber kommunestyret i juni gjer vedtak som betrar dei økonomiske rammevilkåra for Sogndal kulturhus. Det er òg mange forhold som talar for at kulturhuset bør vera ein del av den kommunale kulturadministrasjonen. Vert dette ikkje avklara, ber rådmannen om å få tid til ein gjennomgang av alle sider ved ein kommunal driftsmodell. Ei slik vurdering må vera klar, slik at Sogndal kulturhus ev. kan bli ein del av den kommunale kulturadministrasjonen frå 1. januar 2021.

Til sist, rådmannen har i sin gjennomgang gitt klare råd. For å utfordra det politiske ordskiftet vert saka lagt fram utan framlegg til vedtak.